



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
14/1161-2	24477/14	V13 &00	LU/LU/HKH	

UTTALE - FORSKRIFT - PRODUKSJONSTILSKOT I JORDBRUKET

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat datert 9.7.2014, og svarer ut frå kommunen sitt perspektiv.

- Kontrollarbeid bør i hovudsak framleis liggje til kommunen. Det er her kommunen har mulegheit til å besikte garden, og få betre kunnskap og innsikt i dei enkelte bruka. Men kommunen meiner det bør vere enklare å få Fylkesmannen ”på banen” når ein treng meir kompetanse.
- Senke beitekravet frå 16 veker til 12 veker også i sone 2. Dette vil stimulere til auka utnytting av beiteressursene. Sørvestlandet har stor nedbørmengd som gjer det vanskeleg å oppfylle 16 veker, pga opptråkking, jordpakking og øydelagde beite. 12 vekers beitekrav vil truleg føre til meir samla beiting enn 16 vekers beitekrav.
- Forskrifta må ikkje gjerast gjeldande med verknad for søknadsomgangen januar 2015, men utsetjast i ein eller to søknadsomganger. Det vil vera vanskeleg for føretak å omstille frå evt. vedtak av ny forskrift seinhaustes 2014 til 1.1.15. Alternativt må det vere overgangsordningar.
- Søknadsfristane bør vere som i dag. Det er vanskeleg å sjå føre seg at det er ein dato i året som er tenleg i forhold til både arealinformasjon og dyreregistreringar, jfr dagens ordning. Ein ser føre seg at ein søknadsomgang også vil føre til svært høgt arbeidspress i ein kortare periode som kan vera vanskeleg å tilpasse ein normal bemanningssituasjon i den lokale landbruksforvaltninga.
Ein søknadsomgang vil også i større grad kunne gi opphoping av dyr på føretaka ved teljedato, som kan bidra til ujamn tilførsel av dyr til slakt (marknadsregulering).
- Forskrifta har sterkt fokus på driftsfellesskap. Men det er fleire ting i forslaget til ny forskrift som kan synast uklare, t.d. bortfallet av krav om tilknytting til landbrukseigedom, bortfallet av begrensingar knytt til eigarsskap m.v. Forskrifta kan såleis bli vanskeleg å forhalde seg til både for bonde og forvaltning og vil såleis kunne føre til feiltolkingar og driftsfellesskap. Vi trur slike endringar vil føre til meir skjønn og større arbeidsbør i forvaltninga og også risiko for forskjellsbehandling innad i kommunar og mellom nærliggjande kommunar.

Viser utover det til Fylkesmannen i Rogaland sin høyringsuttale.

Klepp kommune, 16.10.2014

Kåre Strand
kommunalsjef

Atle Barkve
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.